

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld/Oliver
Bjørndal
Arkivsaksnr.: 20/753

Arkiv: 140 &37

Kommunal planstrategi

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek forslag til kommunal planstrategi til orientering, og stør at prioriteringane til rådmannen vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

Framlegg til kommunal planstrategi 11.05.2020 for Luster kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Rådmannen sitt framlegg til planstrategi 2020-2023, 11.5.20

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Utval som har vedtaksmynde:

Fakta:

Kommunestyret skal i løpet av fyrste året i kvar kommunestyreperiode vedta ein kommunal planstrategi, jf plan- og bygningsloven § 10-1. Planstrategien skal gjere greie for tilstanden i kommunen på fleire felt, og basert på den så skal ein prioritere planoppgåver i den kommande kommunestyreperioden. Rådmannen går ikkje nærmare inn på dette i saksframlegget, då både det juridiske og den kommunale statusen er kommentert grundig i sjølve planstrategien.

Som ein del av planstrategien er det utarbeidd ein tabell som viser overordna planar inkludert kommunedelplanar, fagplanar og reguleringsplanar. Rådmannen vil bruke saksframlegget til å drøfte prioriteringane i tabellen, då dette er viktig for den politiske styringa. Samtidig er det viktig å hugse på at kommunen kan justere prioriteringane kvart år i samband med vedtak av planleggingsprogrammet til økonomiplanen.

Overordna planar

Dersom ein startar med kommuneplanen, så legg rådmannen opp til at revisjon av samfunnsdelen har fyrste prioritet. Gjennom bruk av Framsikt, så håpar ein at ved å bruke samfunnsdelen til å gje klare og tydelege overordna føringar, så vil desse føringane koplast direkte inn i fagplanane, som igjen kan bruke dei overordna måla til å finne strategiar og tiltak for å nå desse måla. Det vert ikkje sagt meir om fag- og temaplanane i denne saksutgreiinga, men det vert vist til planstrategien for ytterlegare kommentarar.

Ein vil også bruke samfunnsdelen til å styrke klimasatsinga og setja fokus på FN`s berekraftsmål i tillegg til at den skal legge politiske føringar og mål for helse, busetnad og utvikling av næringsliv i kommunen.

Som ein naturleg del av arbeidet med klimapåverknad (naturfare), pandemi og liknande, må Luster kommune i løpet av året starte revisjon av den overordna ROS-analysen til kommunen, med påfølgjande revisjon av beredskapsplanen.

Luster kommune har revidert både samfunnsdelen og arealdelen i dei tre siste kommunestyreperiodane. Rådmannen rår no til ein annan strategi når det gjeld arealdelen. Planstrategien viser til fire argument for at arealdelen vert stadfesta for denne kommunestyreperioden, og rår til oppstart av revisjon i 2022 med vedtak i neste periode att. Hovudargumentet er at med vedtak tidlegare i ei kommunestyreperiode, så vil kommunestyre i større grad ha eit eigarskap til den planen dei skal forvalte arealbruken etter. Eit anna argument er at kommunen er i gang med å starte eit arbeid med ein områdeplan for Hafslo, som i seg sjølv vil vere ein omfattande og viktig arealplan som delvis er på eit overordna nivå. Denne vil planavdelinga måtte legge ressursar i.

Rådmannen vil spesielt trekke fram kommunedelplan for naturmangfald, som er ein ny kommunedelplan for Luster sin del. Staten lyste for kort tid sidan ut mulegheit for å søkje om

midlar til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald, og kommunen valte å sende inn ein søknad. Dersom Luster kommune vert imøtekommen med statlege midlar til dette arbeidet, så ser rådmannen for seg at dette arbeidet kan organiserast og startast hausten 2020. I søknaden er det også lagt inn regulering av Flahammarskjæret som ein del av prosjektet. Vert søknaden avslegen, ser ikkje rådmannen at kommunen utan vidare har ressursar og vil prioritere denne kommunedelplanen i inneverande periode.

Luster kommune har ein kommunedelplan for mineralske råstoff frå 2012. Denne gjev ein god gjennomgang av ein del aktuelle massetak/ steinbrot mm, og mange av desse er seinare regulert og teke i bruk. Ein ser at behovet for tilgang på massar er viktig både for byggenæringa og andre, mellom anna kan nemnast at grunneigarar som har vore råka av flaum har behov for masse og stein for istandsetjing. Rådmannen ser at dette er ein kommunedelplan som med fordel kunne vore revidert, men ser ikkje at det er kapasitet til å starte dette arbeidet før i 2023. Det må då gjerast ei vurdering av om dette planarbeidet skal gå parallelt med revisjon av arealdelen. Både kommunedelplan for mineralske råstoff og naturmangfald er tematiske kommunedelplanar som ved revisjon kan danne eit godt grunnlag for overføring til arealdelen.

Rådmannen vil vise til kommunedelplan for trafikktrygging og kommunal transportplan. Kommunal transportplan var til behandling i kommunestyret 02.04.20, der ein del av vedtaket vart følgjande:

«I samband med handsaming av kommunen sin planstrategi må det gjerast ei vurdering av om den kan vere tenleg å få vedtak av «KTP Luster» løfta til politisk nivå. «KTP Luster» har i dag status som fagplan. Det må og vurderast om det kan vere tenleg å slå saman innhaldet i «KTP Luster» og «Kommunal plan for trafikktrygging» til ein ny kommunedelplan for samferdsle og trafikktrygging.»

Rådmannen har ingen problem med å sjå at spørsmål knytt til drift og prioriteringar av veg/ samferdselsprosjekt i kommunen er av både politisk og allmenn interesse. Samtidig er rådmann redd for at det å slå desse planane saman vil gje ein plan som er byråkratisk og svært ressurskrevjande å handtere. Kommunal transportplan er i like stor grad eit dokument som seier noko om status og faglege vurderingar på eksisterande vegnett mm, som ein faktisk plan.

Rådmannen meiner at prioritering av prosjekt med finansiering må knytast til økonomiplanen, som tek utgangspunkt i kommunal transportplan. Det vil vere ressurseffektivt at handlings-planen i økonomiplanen får utvida fokus/omfang utover det den har i dag. I dag er svært mykje av økonomiarbeidet kopla til det meir kortsiktige årsbudsjettet. Ei slik ordning som her er skissert vil kopla samfunnsdel, økonomiplan og fagplanar på ein slik måte som kommuneplan og plan – og bygningslov no legg opp til.

Ein vil då få dei politiske prioriteringane i samband med løyvingar av midlar. Kommunedelplan for trafikktrygging kunne også hatt status som fagplan. Den vart i utgangspunktet etablert som grunnlag for fylkeskommunale løyvingar, der fylkeskommunen tok 50% av kostnaden for prosjekt som låg inne i trafikktryggingsplanen. Rådmannen meiner at trafikktrygging, altså utbetring og tiltak som sikrar tryggleiken, er ein plan som passar betre som kommunedelplan, då dei prosessuelle krava plan- og bygningsloven stiller kan vere med å avdekke tiltak som kommunen elles ikkje hadde fanga opp.

Detaljplanar/ reguleringsplanar

Fleire av dei planane som ligg med prioritet i 2020 er starta opp, eller er nært føreståande. Rådmannen vil gje eit par kommentarar til reguleringsplan for Flahammarskjæret og

parkeringsplass ved Tungestølen. Sikring av parkering ved Tungestølen vart sett som eit krav ved byggjeløyvet, og her må kommunen inn og bidra til at dette vert sikra. Ein håpar å starte dette arbeidet så fort det er farbart og snøfritt i området.

I gjeldande arealdel er arealet rundt Flahammarskjæret vist med omsynssone for regulering. Som tidlegare nemnt, så har Luster kommune søkt om midlar til ein kommunedelplan for naturmangfald, der denne reguleringsplanen er teke med i prosjektet. Får ein ikkje desse midlane, meiner rådmannen at prioritering av denne planen bør vurderast på nytt i neste planprogram.

I panstrategien er det gjeve ei vurdering av bustadprosjekt, kva som er status og kva som er sett i gang. Dette vert ikkje kommentert meir i saksframlegget, med unntak av detaljreguleringsplan for Marheim. I planprogrammet heiter det at denne skulle startast opp likt med regulering av treningsfeltet. Dette vart ikkje gjort, då ein valde å prioritere Øyagata i staden sidan det er ein noko uavklara situasjon med vatn- og avlaup på Marheim. Kommunen har prøvborra med tanke på nytt vassverk, men ein har ikkje full oversikt over kvalitet og kapasitet endå. Ein legg difor opp til start av dette planarbeidet i 2021.

Endring av den trafikale avviklinga i Gaupne er ei oppfølging av stadanalysen som har vore etterspurt politisk. Rådmannen har tilrådd at ein ventar til 2021 med å starte dette arbeidet med tanke på kapasitet til oppfølging, men meiner denne planen skal ha høg prioritet til neste år. Skjer det noko som gjer det naturleg å begynne før, så legg ein opp til det.

Utover dette vil rådmannen kommentere at det er ein ambisiøs planstrategi sett i forhold til kva administrasjonen har kapasitet til å følgje opp. Det er venta at det kan koma fire til seks private planforslag utover hausten/ neste året, og desse skal også handsamast. Difor er det også viktig at planstrategien har gode prioriteringar på eige arbeid.

Til slutt vil rådmannen vise til når høyringsfristen etter oppstartsvarsel var ute, var det kome innspel frå Fylkesmannen i Vestland, Vestland Fylkeskommune, NVE, Direktoratet for mineralforvaltning, Mattilsynet og Statens Vegvesen. Mange av desse merknadane er innarbeidd i planstrategien i ei eller anna form, men fleire av dei er vel så relevante for samfunnsdelen og det vidare arbeidet og vert tekne med over der. Rådmannen rår til at forslag til kommunal planstrategi 2020-2023 datert 11.05.2020 vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Dato: 11.5.20

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: